

## Organisering av drifta i masseuttaket ved Torvmo

Statens vegvesen er tiltakshavar og byggherre for masseuttaket ved Torvmo. Masseuttaket kjem under same organisering som prosjektet E16 Varpe bru – Smeddalsosen.

Prosjektleder Odd Erik Haugen vil ha byggherreansvaret for drifta i sidetaket. Han er utdanna ingeniør i 1980, og har sidan den tid skaffa seg lang erfaring som byggleiar og prosjektleder. Haugen vil delegere oppfølging av drifta i sidetaket til hovudbyggleiar Harald Stadheim og teknisk byggleiar Arne B. Strand. Harald Stadheim er utdanna ved teknisk fagskule og ingeniørhøgskule. I tillegg har han etterutdanning innan prosjektleiing. Han har opparbeida seg nesten 30 års erfaring innanfor samferdslektoren, mellom anna som entreprenør, sakshandsamar og oppsynsmann i kommunal sektor, og som byggleiar i Statens vegvesen. Arne B. Strand har brei erfaring med bergtekniske og anleggsteknisk arbeid sidan 1977 til d.d., og er innehavar av bergsprengar sertifikat.

Hæhre Entreprenør AS er hovudentreprenør på anlegget E16 Varpe bru – Smeddalsosen, og vil også vera utførande entreprenør i masseuttaket ved Torvmo. Bergsprengingsleiar Sverre Bjølgerud vil vera ansvarleg for det bergtekniske og anleggstekniske hjå Hæhre Entreprenør AS.